


Sak FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR NYTT INDUSTRIOMRÅDE VEST FOR
VESTHUSELTET:
HESLA, GNR. 14, GOLBERG, GNR. 25, BREKKE, GNR. 36, GOL KOMMUNE, BUSKERUD.

Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	13.07.87	Brev fra Gol kommune til U.O.	
2	27.08.87	Brev fra U.O. til Gol kommune.	



GOL KOMMUNE

OLDSAKSAMLINGEN	
1987 03 19 11	15. JUL 87
SAKNR. <i>Pon</i>	ARK.Nr.

D.ref.
V.ref. OF/åt
Dato : 13.07.1987

Lensmannen i Gol og Hemsedal, 3550 Gol
Næringsmiddelkontrollen, 3550 Gol
Hallingdal kraftlag, sone Gol, 3550 Gol
Undervisningsutvalet i Gol, skulekontoret, 3550 Gol
Kulturutvalet i Gol v/J.Brunborg, 3550 Gol
Helse og sosialutvalet i Gol, 3550 Gol
Kommuneplanutvalet i Gol, 3550 Gol
Fylkeslandbrukskontoret i Buskerud v/Gol landbruksnemnd, 3550 Gol
Televerket, Drammen teleområde, Pb. 386, 3001 Drammen
Buskerud fylkeskommune, plan-og utbyggingsavdelingen,
Haugesgt. 89, 3000 Drammen
Vegkontoret i Buskerud, Tollbugt. 2, 3000 Drammen
Universitetet i Oslo, Oldsakssamlingen, Fredriksgt. 2-3, 0164 Oslo 1

REGULERINGSPLAN FOR NYTT INDUSTRIOMRÅDE VEST FOR VESTERHUSFELTET

Gol bygningsråd vedtok i møte 30.06.1987, sak 201, reguleringsplan for nemnde område. (1. gongs behandling).

Planforslag og føresegner følger vedlagt.

Dersom Gol bygningsråd ikkje har motteke skriftlege merknader innan 10.08.1987, går ein ut frå at De ikkje har innvendingar til planforslaget.

Med hilsen
GOL KOMMUNE

for O. Fjøsne, teknisk sjef


the Jauburplan
e.f.

INDVEST2/TXTÅSET

Adresse:
3550 Gol

Telefon:

Bankgiro: 9211.05.00051
Postgiro: 5 49 84 07
Postgiro skatt: 1 20 61 76

**GOL KOMMUNE****M Ø T E B O K**

frå møte den 30.06.87 i GOL BYGNINGSRÅD

SAK NR. B87201

Arkiv: 504

Saksbeh.: O.F.

REGULERINGSPLAN FOR INDUSTRIOMRÅDE VEST FOR VESTERHUSFELTET.
1.GONGS BEHANDLING.**SAKSDOKUMENT:**

1. Melding om igangsetting av planarbeid i området - brev til avisene om kunngjering dagsett 09.04.87.
2. Brev til grunneigarane i området - melding om igangsetting av planarbeid dagsett 09.04.87.
3. Planforslag, teikning F-1-51, dagsett 30.06.87 med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Planområdet er på ca. 60 dekar og ligg vest for Vesterhuset industriområde.

VEDTAK (SAMRØYSTES):

Bygningsrådet vedtek planforslag, teikning F-1-51, dagsett 30.06.87, med tilhøyrande reguleringsføresegner.
Plan og føresegner vert å leggja ut til offentleg ettersyn i samsvar med §27-1 i plan- og bygningslova.

**REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR INDUSTRIOMRÅDE II I
VESTERHUSET**

§ 1

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense.

FELLESFØRESEGNER

§ 2

Bygningane skal ha saltak. Bygningsrådet avgjer takvinkelen og kan krevja at bygningar i same gruppa eller etter same vegen skal ha lik takvinkel.

§ 3

Bygningsrådet skal ved behandlinga av byggjemeldinga ha for auga at busetnaden får ei god form og materialbehandling, og at bygningar i same byggjefeltet får ei harmonisk utforming. Bygningsrådet skal godkjenne husfarge.

§ 4

Utforming, høgde og farge på gjerde skal bygningsrådet godkjenne. Høgda på gjerde må ikkje vera meir enn 0.80 m, eventuell sokkel medrekna.

§ 5

Det må ikkje plantast tre eller busker på tomta slik at det etter bygningsrådet sitt skjønn er til ulempe for offentleg ferdsel. Eksisterende vegetasjon må takast vare på så langt råd er. Området som det ikkje er bygd på må få ei tiltalende form og behandling. Frisiktområder i vegkryss må haldast fri for sikthindrane vegetasjon, byggverk m.m. som rekk meir enn 0.5 m opp over planet for tilstøytande vegar.

OMRÅDE FOR INDUSTRI

§ 6

På industriområdet kan arealet delast slik at kvar bedrift får det areal dei treng. Bygningsrådet skal godkjenne tomtegrensene, og sjå til at kvar tomt får så høveleg form som råd er.

§ 7

Bygningsrådet skal i kvart tilfelle godkjenne art, utforming og plassering

av anlegget, og kan fastsetja at bedrifter som ein reknar med vil medføre særlege ulemper, skal leggjast til bestemte deler av arealet eller til andre industriområde. Der industriområdet grensar mot bustadområdet, er det ikkje tillete med anlegg som ved lukt, røyk eller støy vil sjenera bustadområdet.

§ 8

Tomta skal utanfor byggelina opparbeidast som park og kan ikkje nyttast for lagring.

§ 9

Bygningane skal oppførast i branntrygge materialar og må ikkje ha meir enn 2 høgder eller vera over 8 meter høge.

§ 10

Utnyttingsgrad skal ikke vera over 0.4.

§ 11

Det er ikkje tillete å byggja bustadhus i industriområdet. Bygningsrådet kan gjera unntak for vaktmeisterbustad o.l. dersom helserådet samtykkjer i det.

§ 12

Kvar bedrift skal på eigen grunn ha minst 1 biloppstillingsplass for kvar 100 m² golvflate til industri, og for kvar 200 m² golvflate til lager.

§ 13

Innafor ramma av bygningsvedtektene for Gol kommune kan bygningsrådet når forholda tilseier det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene.

Plan - og








925 REGU

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.


For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

postmottak@khm.uio.no




1. Byggjeområde

-  BUSTAD
-  FORRETT
-  INDUSTRI
-  OFFISJELL
-  ALLMENNUTTIG FORMÅL
-  FRISIKTLINJE
-  SENTERLINJE REGULERT VEG

2. Landbruksområde

-  JORDBRUK, SKOGBRUK

3. Trafikkområde


-  KØYREVEG, PARKERINGSPL., BUSSTOPP, GRØFTER m.v.
-  GANGVEG, FORTAU
-  ANNA TRAFIKKAREAL, RABATT

-  VATN



4. Friområde





-  PARK, TURVEG, LEIK

5. Fareområde

- 


6. Spesialområde

- 
- 

-  AREAL FOR SKJERMINGSTILTAK
-  FELLES AVKØYRING/PARKERINGSPLASS
-  FELLES GANGVEG
-  FELLES LEIKEOMRÅDE



MÅLESTOKK 1:1000



REGULERINGSPLAN FOR INDUSTRIOMRÅDE II I VESTERHUSET
Gol kommune

Revisjonar		DATO	SIGN.
Saksbehandling etter bygningslova		DATO	SIGN.
BYGNINGSRÅDETS VEDTAK			
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN			
KOMMUNESTYRETS VEDTAK			
STADFESTA AV			
<p>GOL KOMMUNE TEKNISK ETAT</p>		TEIKN. NR.	DATO
		F - 1 - 51	30.06.87
			O.F.

UNIVERSITETET I OSLO

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

2.

Gol kommune
Teknisk etat

3550 GOL

OSLO, 27. august 1987

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

OF/åt

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)

J.nr. 1911/87

K O P I

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR NYTT INDUSTRIOMRÅDE VEST
FOR VESTHUSFELTET, HESLA, GNR. 14, GOLBERG, GNR. 25,
BREKKE, GNR. 36, GOL KOMMUNE, BUSKERUD

Vi viser til Deres forsendelse av 13. juli 1987.

Det ble foretatt en arkeologisk registrering i planområdet
den 19. august 1987. Det ble ikke funnet fornminner.
Universitetets Oldsaksamling har derfor ingen merknader
til planforslaget.

Skulle det oppdages fornminner ved tiltak i marken i plan-
området, skal arbeidet stanses i den utstrekning det kan
berøre fornminnene eller deres sikringssoner på fem meter,
og melding skal sendes Universitetets Oldsaksamling, jfr.
lov om kulturminner av 9. juni 1978, §8.

Per Oscar Nybruget
forsker